

Nr. 10 | 2012

Aktuell kommentar

Kva land har tent på Kinas framvekst?

av Eilert Husabø, konsulent i Internasjonal avdeling, Noregs Bank*

Kva land har tent på Kinas framvekst?

Kinas reformperiode tok til i 1978, då Deng Xiaoping kom til makta. Under hans styre byrja prosessen med å opne den kinesiske økonomien for handel med omverda. I denne perioden har Kina opplevd ein økonomisk vekst utan sidestykke, med 9 prosent årleg vekst i BNP per capita i gjennomsnitt.¹ Følgjane har vore enorme, både for den kinesiske befolkninga og for resten av verda. Ein halv milliard kinesarar er løfta ut av fattigdom og prosentdelen av befolkninga som lever under fattigdomsgrensa har falle frå 84 til 16 prosent.² Ein så stor og rask reduksjon i tal på fattige er utan historisk sidestykke (Verdsbanken 2009). I desember 2011 var det 10 år sidan Kina blei med i Verdas handelsorganisasjon (WTO). I løpet av desse åra har Kina innteke ei sentral rolle i verdsøkonomien, og gjekk i 2010 forbi Japan som verdas nest største økonomi.³ I denne kommentaren ser vi nærare på dei viktigaste kanalane for samspelet mellom Kina og resten av verda, med hovudvekt på utviklinga i Kinas import.

WTO-avtalen særers viktig

Det er i hovudsak gjennom tre kanalar at Kinas framvekst påverkar utviklinga i andre land. Handel med varar og tenester, kapitalstraumar, og forventningsdanninga. Verknadane på handelsstraumane har openbart vore viktig.⁴ Dei siste åra synest den meir kortsiktige økonomiske utviklinga i Kina i aukande grad å påverke bedrifts- og konsumenttilliten i andre land (Arora og Vamvakidis 2010).


Handel med varer og tenester verkar gjennom ulike kanalar. Arora og Vamvakidis (2010) peiker særleg på tre forhold. For det første har Kinas import av råvarer, andre innsatsfaktorar og ferdigvarer ein direkte positiv effekt på andre lands eksport og BNP. Motsett vil Kinas eksport

ha ein direkte negativ effekt på nettoeksporten for andre land.

Ettersom tilgangen på relativt billige industrivarer frå Kina aukar produksjons- og konsummoglegheitene i andre land, kan samla effekt på velferd og vekst i andre land vere positiv sjølv om effekten på nettoeksporten er negativ. For det andre verkar Kina inn på landa i den asiatiske produksjonskjeda, der land som eksempelvis Taiwan og Sør-Korea sender delar og komponentar til industrivarer til Kina for montering og ferdigstilling. Denne produksjonsstrukturen kan gi små land betre tilgang til den globale varemarknaden enn dei elles ville ha hatt. For det tredje kan Kina påverke byteforholdet til andre land ved å presse opp prisane på råvarer og dempe prisen på arbeidsintensive industrivarer.

Veksten i Kinas handel med omverda skaut fart etter at landet blei med i Verdas handelsorganisasjon (WTO) i 2001. Frå 1978 til 2000 steig Kinas del av global varehandel, målt ved summen av alle lands eksport og import, frå 0,8 til 3,7 prosent. I 2010 var den på nær 10 prosent, sjå figur 1.

Figur 1 Kinas del av global eksport og import og globalt BNP. I prosent. 1978 - 2010



I perioden etter innlemming i WTO steig verdien av vareimporten til Kina med i underkant av 1200 mrd. USD. Med det gjekk Kina frå å vere verdas åttande største importland, til ein andre plass bak USA⁵. Råvareimporten auka mest, med nær 30 prosent

5 Om ein ser vekk frå euroområdet samla.

1 Av 204 land i Verdsbankens WDI-database (nokre land manglar data for store delar av perioden). Bosnia-Hercegovina og Ekvatorial-Guinea har noko høgare vekst enn Kina, men har berre publisert data for delar av perioden.


2 Verdsbanken fattigdomsgrense frå 2008: inntekt tilsvarande 1,25 kjøpekraftsjusterte amerikanske 2005-dollar per dag. Tal for 1981 (84%) og 2005 (16%).

3 Målt til marknadskursar var Kinas BNP 5878,3 mrd. USD og Japans BNP 5458,8 mrd. USD i 2010. Kjelde IMF WEO database september 2011.

4 Verknad på globale formuesprisar gjennom kapitalstraumar til og frå Kina er samansett. Samla sett bidreg Kinas høge sparing og oppbygging av valutareservar til eit lågare internasjonalt rentenivå og høgare gjeldsnivå i andre land (IMF 2011).


årleg vekst i gjennomsnitt, mot 20 prosent for industrivarer, sjå figur 2.

Figur 2 Import til Kina. Verdi. Annualisert og sesongjustert. Tre månads gjennomsnitt. Januar 2000 – februar 2012



Figur 3 viser dei ti landa med størst auke i eksportverdi til Kina mellom 2000 og 2010. Til saman dekker desse landa nær 60 prosent av Kinas totale vareimport. Råvareprodusentane har hatt den største prosentvise veksten. Land med ein stor eksportorientert industrisektor, som Japan og Sør-Korea, har hatt den største veksten målt i milliardar USD. Medan mesteparten av råvarene blir brukt innanlands, blir ein stor del av industrivarane eksportert vidare. På denne måten varierar Kinas import frå land som Japan og Sør-Korea i takt med eksport til USA og Europa, medan råvareimporten i større grad varierar i takt med innanlandsk etterspurnad.


Figur 3 Dei 10 landa med størst auke i eksportverdi til Kina mellom 2000 og 2010.



Eksport- og importsamansetjinga reflekterer utviklinga i Kinas komparative fortrinn. Komparative fortrinn gir uttrykk for relativ evne til å produsere ulike varer og tenestar. Eit land har komparativt fortrinn i produksjonen av ei vare dersom alternativkostnaden til

produksjonen er lågare enn i andre land. Alternativkostnaden til ei vare er den produksjonen (av andre varer) ein må gi opp for å produsere ei eining ekstra av vara. I handelen med omverda vil eit land tene på å konsentrere vareproduksjonen i sektorane som har den mest effektive bruken av innsatsfaktorane, det vil seie sektorane med den lågaste alternativkostnad. Isolert sett vil land som er alternative produsentar av Kinas varer tape på konkurransen frå Kina. Land som er komplementære til Kina vil tene på kinesisk etterspurnad.

Figur 4 Avdekte komparative fortrinn i Kinas vareproduksjon. Gitt ved eksportandel for kvar varegruppe relativt til globalt gjennomsnitt.



Figur 4 viser kinesisk vareeksport gruppert etter bruksområde relativt til det globale gjennomsnittet. Når konsumvarer utgjør ein større del av samla kinesisk eksport enn det globale gjennomsnittet (verdi større enn 1), indikerer det at Kina har eit komparativt fortrinn i produksjonen av slike varer. Fortrinnet er redusert over tid som følge av stigande løningar og prisar i Kina, og andre land (som Vietnam, India og Tyrkia) har tatt marknadsdelar i produksjonen av konsumvarer. Etter kvart som utviklinga held fram, vil ein stadig større del av konsumvarene til den kinesiske marknaden bli importert, alternative produsentar tek over. Motsett ser det ut til at Kina dei siste 15 åra har fått større komparative fortrinn i produksjon og eksport av kapitalvarer. Det gjeld særleg databehandlingsutstyr, telekommunikasjonsutstyr og elektriske maskiner og apparat, men og nokre typar metallarbeidsmaskiner og andre industrimaskiner. Relativt til konsumvarer er dette varer som krev meir avansert teknologi og betre utdanna arbeidskraft. Alt anna likt, betyr


det auka konkurransen for land som tradisjonelt har produsert slike varer, til dømes Tyskland og Sverige. Dei går frå å vere komplementære og tilby varer som Kina etterspør, til å konkurrere som alternative produsentar. For innsatsvarer under eitt har det vore lite endring i Kinas komparative fortrinn. Men også innan denne gruppa har det skjedd ei vridning, med auke i eksport av delar til kapitalvarer og transportutstyr, og reduksjon i eksport av uforedla innsatsvarer til industrien og matvarer til industrielt bruk. Det er i tråd med at Kina har betydelege komparative ulemper i produksjonen av ei rekke råvarer. Ulempene består av at det ikkje er tilgang på nok råvarer innanlands. Råvareetterspurnaden i Kina har vakse kraftig dei siste tiåra, og mesteparten av råvarene blir no foredla innanlands. Følgjeleg er Kinas råvareeksport veldig liten i global samanheng. Kinas import av råvarer er derimot veldig stor.

Verknadane av Kinas vekstmodell

Kinas vekstmodell har vore basert på høg innanlandsk sparing, med motvekt i høg eksport. Vekstmodellen er gjort mogleg mellom anna ved å halde realvalutakursen unaturleg låg (Rodrik 2011). Sparinga har teke seg gradvis opp dei siste par tiåra, frå i snitt 30 prosent av BNP på 1970-talet til 46 prosent på 2000-talet. Til samanlikning fall sparinga i OECD-området frå 25 til 21 prosent av BNP over same periode.

Figur 5 viser fordelinga på sparinga i Kina. Fire ting er verd å merke seg. 1) At hushalda står for brorparten av sparinga, tett følgd av bedriftene. 2) At bedrifter og det offentlege har stått bak mesteparten av veksten i sparing

Figur 5 Sparing fordelt på sektorar. I prosent av BNP. 1992 - 2008



dei siste 15 åra. Målt i prosent av BNP har hushaldas sparing halde seg relativt konstant. 3) At veksten i total sparing særleg har skote fart sidan tusenårsskiftet. 4) At hushaldas disponible inntekt har falle som prosent av BNP dei siste 20 åra, slik at hushalda no sparar ein større del av inntekta si.

Ei viktig forklaring på den sterke veksten i kinesisk sparing er reformer av regelverket for statleg eigde bedrifter gjennom 1980 og 1990-talet. Føremålet med reformene var å betre effektiviteten og auke overskota i bedriftene, men dei bidrog og til å auke hushalda si sparing. Mellom anna blei det bestemt at statsbedriftene ikkje lenger var ansvarlege for å tilby velferdstenester for sine tilsette. Dette systemet hadde tent planøkonomien gjennom fleire tiår, men blei fasa ut då konflikten mellom bedriftenes sosiale funksjon og rolla dei var i ferd med å få i den marknadsbaserte økonomien blei meir tydeleg (Ma og Zhai 2001 og IMF 2009). Ettersom systemet ikkje blei erstatta av anna offentleg stønad, måtte hushalda auke si sparing for sjølv å kunne syte for midlar til utdanning, alderdom og eventuelle uventa utgifter ved sjukdom. Ein tilsvarende effekt kom frå privatiseringa av bustadmarknaden på 1990-talet. For mange hadde bustad tidlegare blitt tilbydd gjennom arbeidsplassen. I det nye systemet må den enkelte spare opp eigenkapital til bustadkjøp.

Sikkerheitsmotivert sparing og bustadsparring blir i sin tur forsterka av mangelfullt utvikla finansmarknadar. Den kinesiske sentralbanken har direkte kontroll over bankenes innskots- og utlånsrenter. Sentralbanken brukar mest kvantitative tiltak i pengepolitikken, og utlånsrentene blir jamt over haldne låge. Det er med på å drive opp låneetterspurnaden, og bankane må til tider rasjonere kreditten. I slike tilfelle går statleg eigde bedrifter som nyt ein implisitt statleg garanti, framfor i køen (Magnus 2011). Ettersom hushalda då manglar instrument for å låne mot framtidig inntekt, blir dei avhengige av oppsparte midlar ved kjøp av bustad, bil og andre store utgifter.

Veksten i bedriftenes sparing skuldast ein kombinasjon av høg økonomisk vekst, svak konkurranse, mangelfullt utbygde finansmarknader og relativt låg pris på realkapital (IMF 2009). Både statleg eigde og

privateigde kinesiske bedrifter betalar ut lite utbytte samanlikna med bedrifter i andre land. For statsbedriftene er forklaringa skattereforma i 1994, der det blei bestemt at styresmaktene skulle la vere å ta ut utbytte i ein periode. Det var meint å betre insentiva for inntenting. Utan at det står heilt klart kvifor situasjonen har vart ved så lenge, har det medført at statleg eigde bedrifter knapt har betalt ut utbytte sidan (Verdsbanken 2005). For dei privateigde bedriftene er det blitt framsett fleire forklaringar. Særleg blir det peikt på at svak eigarstyring i kinesiske bedrifter gjer det lett for leiinga å halde fortেনesta i selskapet. Motivasjonen kan vere å sikre prosjektfinansiering, eventuelt eit ynskje om å bruke inntektene i ein annan del av selskapet. I tillegg kan det vere slik at utfordringar med å sikre ekstern finansiering gjer bedriftene meir avhengig av interne midlar. Mangelfullt utbygde finansmarknader kan og føre til at eigarane har dårleg tilgang til alternative plasseringar, og dermed føretrekk å ha midlane ståande i selskapet.

Den sterke veksten i bedriftenes sparing fell saman i tid med god vekst i innteninga deira. Dei siste 15 åra har samla profitt for industribedriftene stige frå i underkant av 2 prosent av BNP til godt over 10 prosent. I staden for å bli overført til eigarane, har overskota blitt reinvestert i bedriftene og dermed gått til å auke produksjonskapasiteten ytterlegare (Magnus 2011 og IMF 2009). I tråd med dette, har finansiering med interne midlar vakse betydeleg raskare enn annan type finansiering, og i 2010 vart i overkant av 60 prosent av totale investeringar finansierte gjennom tilbakehaldne overskot⁶.

I tillegg til veksten i privat sparing har, det offentlege si sparing auka kraftig. Ein viktig grunn er at veksten i offentlege utgifter i større grad har gått til investeringar enn til konsum. I tillegg har offentlege inntekter vakse raskare enn samla produksjon.

Kinesiske styresmakter har reagert på høg og stigande sparingerate ved å legge til rette for vareeksporten. På den måten søker dei å sikre at samla vareetterspurnad er tilstrekkeleg til å halde produksjonen nær potensialet. I denne samanheng er det mest omtala statlege inngrepet truleg å halde den internasjonale verdien på

kinesisk yuan nede gjennom intervensjonar i valutamarknaden.

For andre land betyr den svake kinesiske valutakursen at kinesiske varer er billegare enn dei elles ville ha vore. I tillegg bidreg statlege inngrep i faktormarknaden til å senke prisen på eksportvarene ytterlegare. Marknadsreformene i Kina er komne mykje lengre i produktmarknaden enn i faktormarknaden. Medan prisen på dei fleste ferdigvarer blir bestemt fritt, har statlege inngrep framleis stor innverknad på prisen på innsatsfaktorar som arbeidskraft, kapital, land, energi og miljø.

Huang og Tao (2010) gir ein gjennomgang av slike inngrep. Felles for desse er at dei pressar prisen på innsatsfaktorar og produksjonskostnadar til under marknadsbasert pris. Det gir ein kunstig auke i profitt og avkasting på investeringar, og betrar den internasjonale konkurransevna til kinesiske varer. Inngrepa verkar på denne måten som ein subsidie til industriproduksjon og investeringar. På same måte som den undervurderte valutakursen, skapar subsidiane ei vridning mot eksportorientert sektor, som er veldig kapitalintensiv. Det er med på å forklare det veldig høge investeringsnivået og er i tråd med at bedriftene står for størsteparten av investeringane i Kina.⁷(IMF 2009 og 2011)

Hushalda investerar i hovudsak i bustad. Saman med industrialiseringa har urbaniseringa vore ei viktig drivkraft for den høge veksten i Kina (IMF 2011). Mellom 1978 og 2010 vart folketalet i urbane område nær firdobla, med ein tilvekst på 500 millionar personar. Rask urbanisering og stigande inntektsnivå har bidrege til stadig stigande etterspurnad etter meir og betre husvære. I tillegg har svakt utvikla finansmarknader kanalisert hushaldas investeringsetterspurnad mot bustadsektoren gjennom å avgrense tilgangen til alternative formuesobjekt. Bustadinvesteringar utgjer no i overkant av 20 prosent av realkapitalinvesteringar i Kina.

Kombinasjonen av sterk vekst i industriproduksjonen og i eigedomssektoren har bidrege til ein dramatisk auke i etterspurnaden etter bygningar, infrastruktur,

⁶ I kinesiske data blir omgrepet self-raised funds nytta. Mesteparten av dette er tilbakehaldne overskot (Aziz og Cui 2007)

⁷ Bedriftenes investering blir blåst opp noko sidan lokalstyresmakter, som ikkje har tilgang på direkte låneopptak, set i gang infrastrukturinvesteringar gjennom statleg eigde bedrifter (Barnett og Brooks 2006).

bilar, konsumvarer, og så vidare. På denne måten er veksten i Kina i stor grad driven av realkapitalinvesteringar. Medan offentlig konsum har halde tritt med investeringsveksten, har privat konsum felle, målt i prosent av BNP. Dei siste åra har denne tendensen skote fart, og i 2010 utgjorde privat konsum under 34 prosent av BNP; ned frå 46 prosent berre ti år tidlegare. Det er betydeleg lågare enn gjennomsnittet for mellom- og låginntektsland, på høvesvis 55 og 80 prosent⁸. Motstykket er veldig sterk vekst i nettoeksport og investeringar. I 2010 utgjorde investeringane 49 prosent av BNP i Kina, og var med det for første gong høgare enn samla konsum. Nettoeksporten utgjorde 4 prosent av BNP, det er ein betydeleg reduksjon frå toppåret 2007, men om lag det same som ved inngangen til tiåret.

Kinas import av råvarer


Høg grad av råvareintensitet i investeringane gjer at Kina er blitt største importøren av ei rekke råvarer, sjå figur 6. Investeringar i Kina kan i store trekk bli delt opp i investeringar i infrastruktur⁹, industriproduksjon og eigedom. Til saman utgjer dei om lag 85 prosent av totale investeringar. Desse sektorane står for store delar av sluttetterspurnaden etter metall i Kina, og det høge aktivitetsnivået gjer at Kina har stått bak store delar av veksten i global etterspurnad etter metall og mineral det siste tiåret, sjå tabell 1. (IMF 2011).

Bustadbygging åleine står for kring 40 prosent av sluttetterspurnaden etter stål i Kina. Om ein legg til produksjon av bilar (som tenderar til å følgje kjøp av nye hus i Kina) og hushaldsapparat stig prosentdelen til over 50. Inklusive infrastrukturinvesteringar knytt til bustadbygging og investeringar i anna produksjonsutstyr er kring 2/3 av etterspurnaden etter stål knytt til bustadbygging, sjå figur 7 (UBS 2011). Det går og med store mengder sement til bustader og infrastruktur, og i 2011 stod Kina for nær 2/3 av global sementproduksjon (USGS 2012).

⁸ Tal frå Verdsbankens WDI-database.

⁹ Investeringar i infrastruktur er summen av investeringar i elektrisitet, gass og vatn; transport, lagring og post; naturvern; utdanning; helse, trygd og velferd; offentlig styre og organisasjonar

Figur 6 Kinas import i prosent av global import. Verdi. 2000 - 2009




Kjelde: Comtrade

Tabell 1 Sluttbruk av metall og mineral i Kina i prosent av totalt bruk. Tal for 2010

	Aluminium	Kopar	Sink	Nikkel	Stål	Kol
Konstruksjon og infrastruktur	31%	8%	62%	8%	49%	29%
Transportvarer	23%	10%	23%	9%	9%	0%
Maskinvarer	11%	8%	7%	31%	18%	0%
Hushaldsartiklar	9%	18%	8%	25%	9%	0%
Elektrisitetsproduksjon og -distribusjon	13%	46%	0%	0%	0%	50%
Anna	13%	10%	0%	27%	15%	21%

Kjelde: HSBC Global Natural Resources


Figur 7 Aktivitet i den kinesiske bustadmarknaden. Golvreal under konstruksjon, innanlandsk bruk av stål, og sal av passasjerbilar. Tolvmånadsvekst. Tremånads glidande snitt. Januar 2004 – mars 2012




Kjelde: CEIC

Dette set sitt preg på importen, og veksten i råvareimporten kjem i hovudsak frå auka import av metallhaldig malm og brenselstoff. Til saman stod desse varegruppene for nær 90 prosent av veksten i råvareimporten til Kina mellom 2000 og 2010, sjå figur 8 og 9. Petroleum utgjer hovuddelen av import av brenselstoff, med ulike typar kol som nest største gruppe. Kol blir brukt til elektrisitetsproduksjon og direkte som varmekjelde i stål- og sementproduksjonen. I 2010 stod Kina for nær halvparten av verdas samla forbruk av kol.¹⁰ I import av metallhaldig malm er jernmalm største enkeltgruppe.¹¹ Ifølgje IMF (2011) stod Kina for halvparten av global etterspurnad etter jernmalm i 2009. Nær 80 prosent av dette blir importert frå andre land. Noko av veksten i verdien av råvareimporten skuldast stigande råvareprisar, men det har også vore kraftig vekst i importvolumet, figur 10.

Figur 8 Råvareimport til Kina. Milliardar USD. Sesongjustert og annualisert. Tremånads glidande snitt. Januar 2004 – februar 2012



Figur 9 Råvareimport til Kina. Milliardar USD. Sesongjustert og annualisert. Tremånads glidande snitt. Januar 2004 – mars 2011



¹⁰ International Energy Statistics (www.eia.gov)

¹¹ Jernmalm er stein og mineralar som det er mogleg og økonomisk lønsamt å utvinne jarn frå. Jarn er den viktigaste ingrediensen i framstilling av stål.

I takt med at råvareimporten til Kina har skote fart, har land med stor råvareproduksjon auka sin eksport til Kina betydeleg, sjå figur 3. Medan råolje utgjer hovuddelen av import frå Angola og Saudi-Arabia, dominerar jernmalm Brasil og Australias eksport til Kina. Australia er eit godt døme på eit land som har nytt godt av Kinas framvekst. Frå 2000 til 2010 steig verdien av Australias vareeksport med nær 150 mrd USD. Eksport til Kina stod for over 40 prosent av denne veksten. Kina er no Australias største eksportmarknad, med rundt 25 prosent av eksporten. Over 70 prosent av veksten har kome frå auka eksport av metallhaldig malm, og jernmalm åleine stod for 56 prosent av veksten. For Brasil stod jernmalm for nær 50 prosent av veksten i eksport til Kina. Brasil har i tillegg stor matvareproduksjon, og soyabønner stod for om lag 25 prosent av samla vekst i vareeksport.

Også for andre råvarer har Kina på relativt kort tid blitt det klart største importlandet, sjå figur 6. Det gjer at Kina påverkar globale råvareprisar og dermed byteforholdet til andre land. På denne måten kan land som ikkje eksporterar direkte til Kina, likevel bli påverka av kinesisk etterspurnad.

Kinas import av industrivarer


Kinas import av industrivarer har og auka kraftig, sjå figur 2. Land med ein stor eksportretta industrisektor, og som ligg nær Kina geografisk, har hatt den største auken i eksport til Kina. I 2010 kom 35 prosent av samla kinesisk vareimport frå Japan, Sør-Korea, Taiwan og Malaysia. Om ein legg til Thailand, Singapore og Filippinane stig prosentdelen til 40.

Felles for desse landa er stor eksport av elektriske maskinar og apparat. Denne varegruppa var blant dei som bidrog mest til den sterke veksten i kinesisk import dei siste 10 åra. Likevel er berre ein relativt liten del av desse varene meint for den kinesiske marknaden. I staden består denne handelen for ein stor del av delar og komponentar, som blir sendt til Kina for montering, før den ferdige vara blir eksportert til eit tredje land.


Denne produksjonsdelinga blir ofte referert til som *den austasiatiske produksjonskjeda*. Den er kjenneteikna ved at produksjonen av ei vare går føre seg i minst to land, og at relativt låge lønskostnader i Kina gjer at det er landet som eignar seg best for ferdigstilling av vara. Det kinesiske tollvesenet kallar denne typen import *processing trade*, altså import til vidareforedling. Varene er friteke toll, og verken

importerte innsatsvarer eller produkta dei inngår i kan bli selde på den kinesiske marknaden (Thorbecke 2010). Import til vidareforedling utgjer over 30 prosent av samla vareimport til Kina, sjå figur 10.


Figur 10 Import til innanlandsk bruk og til vidareforedling. Milliardar USD. Sesongjustert. Januar 2000 – mars 2011



Figur 11 Eksport til innanlandsk bruk i Kina. I prosent av total eksport til Kina. Gjennomsnitt for 2005 - 2009



Figur 12 Import til Kina. Verdi. Tolvmånadsvekst. Tremånads glidande gjennomsnitt. Mars 2002 – februar 2012



Kjelder: CEIC
¹ Angola, Saudi-Arabia, Brasil, Australia, India, Indonesia, USA, Thailand og Tyskland
² Singapore, Japan, Sør-Korea, Taiwan, Malaysia og Filippinane

For å finne ut kor viktig kinesisk etterspurnad er for andre land, må ein skilje ut den delen av varehandelen som avheng av sluttetterspurnad i eit anna land. Altså prøver ein å isolere kva del av importen frå enkeltland som er import til vidarefordeling. Ein metode er å bruke FNs standard for varegruppering (SITC) til å skilje handel i delar og komponentar frå handel i ferdigvarer. I det følgjande er det brukt oppdeling frå Haltmaier (2007)¹². Delar og komponentar er definert som industrivarer som må bli sett saman med andre varer for å få ei ferdigvare. Ferdigvarer er varer som er klare til bruk etter lite eller ingen vidareforedling. Den tredje og siste varegruppa er råvarer. Det er lagt til grunn at råvarer og ferdigvarer går til den kinesiske marknaden, medan all import av delar og komponentar går til å lage varer som blir eksportert.

Figur 11 viser kor stor del av eksporten til Kina som er retta mot den innanlandske kinesiske marknaden for ei rekke land¹³. Trass i at store industrivareprodusentar i Asia står for størstedelen av eksporten til Kina, er det altså land med store naturressursar som har eksport best tilpassa kinesisk etterspurnad. Her inngår India og Indonesia, i tillegg til land som Brasil, Australia og dei oljeeksporterande landa.

Dette resultatet er til ei viss grad gitt per definisjon ved å legge til grunn at all import av råvarer går til innanlandsk bruk, og motsett for delar og komponentar. Vareoppdelinga som ligg bak figur 11 synest likevel å vere ein ganske god peikepinn på kva land som produserar varer som er etterspurde i Kina. Figur 12 samanstillir tollvesenets statistikk over import til vidareforedling og ordinær import med import frå landa med høvesvis under og over 50 prosent av vareeksporten retta mot den kinesiske marknaden. I gruppa under 50 inngår altså summen av import frå Singapore, Japan, Sør-Korea, Taiwan, Malaysia og Filippinane. Importen frå desse land veks rimeleg bra i takt med tollvesenets mål på


¹² Ifølgje Haltmaier (2007) kan 230 av varegruppene i 3. revisjon av SITC bli klassifisert som delar og komponentar.
¹³ Landa dekkjer over 70 prosent av Kinas import.

import til vidareforedling. Det bekreftar at ein stor del av importen frå desse landa avheng av sluttetterspurnad utanfor Kina.

På denne måten dominerar svingingar i vareetterspurnaden i industrilanda veksttakten i dei asiatiske landas eksport til Kina. Innanlandsk kinesisk etterspurnad er likevel veldig viktig for desse landa. For Thailand, Malaysia, Taiwan og Singapore til dømes, utgjer eksport av ferdigvarer og råvarer til den kinesiske marknaden mellom 5 og 8 prosent av BNP, sjå figur 13. Denne prosentdelen har auka over tid, i tråd med at kinesisk etterspurnad er blitt stadig viktigare for desse landa.

Det er også fleire land som har betydeleg eksport av ferdigvarer til den kinesiske marknaden. For Tyskland til dømes, utgjer slik eksport over 50 prosent av samla eksport. Det er høgaste prosentdel av alle landa i figur 11. Som verdas største eksportør av bilar har Tyskland i særleg grad tent på sterk vekst i kinesisk privatbilisme dei siste åra, sjå figur 14. Berre det siste tiåret er talet på privateigde passasjerbilar

Figur 13 Eksport til innanlandsk bruk i Kina. Verdi. I prosent av BNP og i prosent total vareeksport. Gjennomsnitt for 2005 - 2009



Figur 14 Import av personbilar til Kina¹. I tusen bilar per måned. Sesongjustert. Mars 2003 – januar 2012



Kjelde: CEIC
1) Inklusive bussar med færre enn 9 seter

nær fjortendobla, frå 3,6 millionar i 2000 til nær 50 millionar i 2010. Også USA har ein stor del ferdigvareeksport til Kina, fordelt på fleire varegrupper.

Frå figur 13 ser vi at eksport til Kina jamt over utgjer ein større del av samla eksport for råvareprodusentar enn for industrivareprodusentar. Det bekreftar at import til den innanlandske kinesiske marknaden i stor grad er retta mot råvarer. Kina spelar ei stadig større rolle i verdsøkonomien, men rolla er framleis lita relativt til dei store industrilanda, med USA i spissen. Målt til marknadskursar, tilsvarte Kinas BNP i 2010 berre 2/5 av amerikansk BNP, og privat konsum tilsvarte berre 1/5. Kina vil med andre ord ikkje erstatte USA i rolla som verdas leiande konsumentland med det første. Derimot var faste investeringar i Kina større enn i USA både i 2009 og 2010, i tråd med Kinas rekordhøge investeringsnivå.

Drahjelp frå Kina i krisetider?

Blant dei store økonomiane i verda hadde Kina den høgaste veksttakten gjennom finanskrisa. Det drog landa som er eksponert mot kinesisk etterspurnad nytte av. Figur 10 viser at ordinær import til Kina fall meir enn import til vidareforedling i finanskrisas mest akutte fase hausten 2008, men at ordinær import i tida etterpå har hatt langt sterkare utvikling.


Våren 2008 bidrog høg prisvekst på petroleum og andre råvarer til å trekke opp verdien av ordinær import til Kina. På den tida hadde det likevel allereie vore svak utvikling i den kinesiske bustadmarknaden ei tid, og igangsettinga var klart på veg ned, sjå figur 7. Også importvolumet hadde flata ut eller blitt redusert, sjå figur 9. Fallande internasjonale råvareprisar hausten 2008 gjorde at verdien av ordinær import til Kina fall betydeleg. I tillegg gjorde den globale tillitskrisa det vanskeleg å få tilgang til handelsfinansiering. Store delar av global handel stoppa opp og Kinas import av delar og komponentar fall betydeleg, sjå figur 10.

Det gjekk hardt ut over industrisyssetjinga i Kina. For å halde arbeidsløysa nede, vedtok styresmaktene hausten 2008 ein tiltakspakke på 4000 mrd RMB, nær 13 prosent

av BNP. Motkonjunkturpolitikken i Kina hadde stor effekt. I 2009 fall globalt BNP 0,7 prosent frå året før¹⁴. Industrilanda bidrog negativt med 2 prosenteningar. Dette blei motverka av eit positivt bidrag frå Kina på 1,2 prosenteningar og frå andre framveksande økonomiar på 0,1 prosenteningar.

Land som er direkte eller indirekte eksponert mot kinesisk etterspurnad, har drege nytte av den sterke veksten i Kina. Figur 15 viser at det er ein tendens til at jo nærmare samansetninga av eit lands eksport ligg kinesisk etterspurnad, desto sterkare har veksten i landets eksportverdi vore gjennom finanskrisa. Merk at figuren viser utvikling i eksport til alle land, ikkje berre til Kina. Den vassrette aksa i figuren viser kor stor prosentdel av eit lands eksportvarer som er av typen som er etterspurd i Kina, det vil seie eksport av ferdigvarer og råvarer i prosent av samla eksport. Den loddrette aksa i figuren viser prosentvis endring i total eksportverdi frå 2007 til 2010. Figuren er basert på alle tilgjengelege data frå FN's Comtrade database og viser samanhengen for 127 land.¹⁵

Figur 15 Samanheng mellom vekst i total vareeksport og eksportandel for ferdigvarer og råvarer.¹Tal for 127 land.



Kjelde: Comtrade

¹ Merk at figuren viser data for eksport til alle land. Ikkje berre eksport til Kina

Det er i første rekke råvareproduserande land som har tent direkte på tiltakspakken i Kina. Om lag 40 prosent av pakken gjekk til infrastrukturinvesteringar. Det gav eit umiddelbart løft i råvareetterspurnaden. Særeleg importen av kol steig dramatisk, i tråd med at det går med store mengder kol i stål- og sementproduksjonen sjå figur 9.¹⁶ Men også land som eksporterar industrivarer har merka auka

¹⁴ Faste prisar, målt til kjøpekraftsjustert valutakurs (IMF WEO databasen september 2011).


¹⁵ Det var tilgjengeleg data for 129 land, men dei to landa med høvesvis høgast vekst og størst fall i eksporten blei kuttet.

¹⁶ Sjå også http://news.xinhuanet.com/english2010/china/2010-02/10/c_13171366.htm

etterspurnad frå Kina. Til dømes dobla volumet på bilimporten seg frå 2009 til 2010, etter at styresmaktene innførte subsidiar på kjøp av bil sumaren 2009, sjå figur 14. I tillegg har kinesisk etterspurnad bidrege positivt til internasjonale råvareprisar.

For dei asiatiske landa derimot, svingar eksport til Kina i stor grad i takt med Kinas eksport til USA og Europa, sjå figur 16. Kinesisk etterspurnad er likevel ei stadig viktigare kjelde til vekst for Asia. Fram til 2000 hadde landa i Aust-søraust-Asia¹⁷ årleg eksport til den kinesiske marknaden tilsvarande om lag ½ prosent av deira samla BNP; i 2010 hadde denne prosentdelen stige til 2¾. Kinas handel med omverda skaut fart etter at landet blei med i Verdas handelsorganisasjon i 2001. Sidan då har resten av verda fått betydeleg betre tilgang til den kinesiske marknaden. Utan drahjelp frå Kina i 2009, ville Asia og resten av verda truleg opplevd ein betydeleg større nedtur.

Figur 16 Import til Kina og kinesisk eksport til Europa og Nord-Amerika. Tolvmånadsvekst. Tremånads glidande snitt. Mars 2002 – oktober 2011



Kjelde: CEIC

¹ Singapore, Japan, Sør-Korea, Taiwan, Malaysia og Filippinene


Konklusjon

Trass vedvarande høg økonomisk vekst, er Kina framleis eit middelinntektsland med stort tilbod av billeg arbeidskraft. I takt med at realkapitalinvesteringar har stått for ein stadig større del av veksten i Kina, har råvareimporten auka betydeleg. I tillegg importerar industrisektoren halvferdige industriprodukt for ferdigstilling i Kina. På denne måten har Kinas framvekst som ei økonomisk stormakt endra globale produksjonsstruktur

¹⁷ Brunei, Burma, Kambodsja, Aust-Timor, Indonesia, Laos, Malaysia, Filippinene, Singapore, Thailand, Vitenam, Japan, Sør-Korea, Mongolia, Taiwan og Hong Kong

og handelsstraumar, ved å senke prisen på arbeidsintensive industrivarer og heve prisen på råvarer. Isolert sett verkar det negativt for land som er alternative produsentar av Kinas varer, og for land som har fått auka utgifter til råvareimport. Motsett har land som er komplementære til Kina isolert sett tent på utviklinga. Det gjeld særleg land med stor råvareproduksjon, men og nabolanda til Kina, som har fått tilgang til ein ny, stor marknad, og i tillegg fått betra sine produksjonsmoglegheiter gjennom samarbeid med kinesiske bedrifter. Foreløpig er Noreg truleg blant dei største «vinnarane» på Kinas vekst. Eit døme er at gjennom 1990-talet kosta eitt fat nordsjøolje i underkant av 20 USD, og det trengtes fire fat olje for å kjøpe eitt kinesiskprodusert fjernsyn. I 2011 kosta eitt fat olje i gjennomsnitt 111 dollar, og eitt fat olje gav eitt fjernsyn, sjå figur 17. Byteforholdet mellom olje og fjernsyn er betra i Noregs favør.

Figur 17 Noregs byteforhold mot Kina. Tal på kinesiskproduserte fjernsyn som kan bli kjøpt for eitt fat råolje¹. 1992 - 2011



Fram mot 2020 er BNP-veksten i Kina venta å halde seg nær 8 prosent per år i gjennomsnitt (Verdsbanken 2012). Den sterke veksten, saman med økonomiens storleik og det høge innbyggjartalet, vil gjere at Kina får ein enorm innverknad på verdsøkonomien også framover. Samstundes vil reformarbeid og endringar i økonomien halde fram, og innverknaden dei neste 10 åra vil ikkje vere den same som dei siste 10 åra.

Eit grunnleggjande reformbehov i Kina er å gjere landet mindre avhengig av etterspurnad frå utlandet. I den tolvte femårsplanen legg styresmaktene til grunn at auka konsum vil vere

sentralt for å nå målet.¹⁸ Som ledd i dette har styresmaktene varsla tiltak for å auke hushaldas del av inntektene, mellom anna gjennom høgare minsteløn og betre utbygd velferdstilbod. Dersom styresmaktene lukkast i å sette fart på veksten i privat konsum, vil det gi nabolanda auka anledning til å produsere varer til den kinesiske marknaden. I så fall vil kinesisk etterspurnad bli endå viktigare for desse landa framover.

Med auka privat forbruk vil investeringar bli mindre viktig for å halde oppe BNP-veksten. Per i dag har den kinesiske økonomien overskotskapasitet i den forstand at delar av produksjonen, og med det arbeidsplassane, avheng av etterspurnad frå utlandet. Styresmaktene søker å sikre desse arbeidsplassane ved å legge til rette for vareeksporten. Med større innanlandsk etterspurnad etter varer og tenester, vil ikkje staten lenger ha same behov for å subsidiere eksportsektoren. I den grad statlege inngrep i faktormarknaden bidreg til ein kunstig auke i avkasting på investeringar, vil mindre fordelaktige rammevilkår redusere bedriftenes investeringar.

Bustadinvesteringar vil bli verande ei viktig kjelde til vekst i fleire år framover, men truleg i noko mindre grad enn dei siste åra. Ifølgje anslag frå FN vil tilveksten til urbane område halde fram, men falle frå i gjennomsnitt 20 millionar personar årleg dei siste 15 åra til 15 millionar årleg dei neste 10 åra. Alt anna likt, vil lågare tempo på urbaniseringa verke negativt på bustadinvesteringar. I tillegg kan det vere grunn til å vente noko lågare etterspurnad frå hushalda. For det første skuldast store delar av den massive bustadbygginga etter bustadreformerna at hushalda flytta delar av formuen si til eit nytt investeringsobjekt; privateigde bustader. For det andre har hushaldas lånegrad auka i denne perioden, og rommet for vidare auke er difor redusert.

Medan meir moderat vekst i investeringane truleg vil moderere veksten i Kinas etterspurnad etter råvarer som jarnmalm, er det lite grunn til å vente reduksjon i oljeetterspurnaden framover. Lik andre framveksande økonomiar, er energiforbruk per innbyggjar framleis relativt lågt i Kina. I tillegg står

¹⁸ Styresmaktene overordna mål for økonomi og utvikling blir presentert i planar som dekker fem år fram i tid. Den siste for åra 2011 – 2015

petroleumsprodukt for ein relativt liten del av samla energiforbruk. Ettersom veksten i Kina held fram, vil oljeetterspurnaden truleg auke vidare. Som oljeeksporterande land kjem Noreg difor til å dra nytte av veksten i Kina også framover. Samansetnaden av resten av Kinas internasjonale handel vil halde fram med å endre seg, og i dei bransjar Kina utviklar komparative fortrinn, vil landet bli ei stormakt. Ettersom komparativt fortrinn i produksjonen av ei vare per definisjon fordrar komparativ ulempe i produksjonen av ei anna vare, kan ikkje Kina utkonkurrere alle andre land på alle område. Med stigande velstandsnivå i Kina, vil landet såleis bli ei stadig viktigare kjelde til vekst for resten av verda.

Litteraturliste

- Arora og Vamvakidis (2010): «China's Economic Growth: International Spillovers». IMF Working Paper, No. 10/165, juli 2010
- Aziz og Cui (2007): «Explaining China's Low Consumption: The Neglected Role of Household Income». IMF Working Paper, No. 07/181, juli 2007
- Barnett og Brooks (2006): «What's Driving Investment in China?». IMF Working Paper, No. 06/265, november 2006
- Haltmaier et al. (2007): «The Role of China in Asia: Engine, Conduit, or Steamroller?» Halmaier, Ahmed, Coulibaly, Knippenberg, Leduc, Marazzi og Wilson, Board of Governors of the Federal Reserve System, International Finance Discussion Papers, No. 904, september 2007
- Huang og Tao (2010): «Causes of and Remedies for the People's Republic of China's External Imbalances: The Role of Factor Market Distortion». Asian Development Bank Working Paper Series, No. 279, april 2011
- IMF (2011): «People's Republic of China. Spillover report for the 2011 article IV consultation and selected issues». IMF Country Report No. 11/193, juli 2011
- IMF (2009): «Regional Economic Outlook. Asia and Pacific». Oktober 2009.
- Ma og Zhai (2001): «Financing China's Pension Reform». Presentert på *Conference on Financial Sector Reform in China*, september 2001
- Magnus (2011): «Uprising: will emerging markets shape or shake the world economy?» John Wiley and Sons, Ltd., 2011
- Rodrik (2011): «The Future of Economic Convergence». NBER Working Paper Series, Working Paper 17400.
- Thorbecke (2010): «How Would an Appreciation of the Yuan Affect the People's Republic of China's Surplus in Processing Trade?». Asian Development Bank Working Paper Series, No. 219, juni 2010
- UBS (2011): «The Most Important Sector in the Universe». UBS Investment Research, Macro Keys, mars 2011
- USGS (2012): «U.S. Geological Survey, 2012, Mineral commodity summaries 2012». U.S. Geological Survey, januar 2012
- Verdsbanken (2009): «China. From Poor Areas to Poor People»
- Verdsbanken (2005): «SOE Dividends: How Much and to Whom?» World Bank policy note, Beijing Office, 2005
- Yu (2010): «Identifying the Linkages Between Major Mining Commodity Prices and China's Economic Growth – Implications for Latin America». IMF Working Paper, No. 11/86, april 2011